



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for kultur

Møtedato: 19.03.2014

Sak nr.: 14/1378-4

Internt l.nr.: 9313/14

Sak: 17/14

Tittel: Gjennomgang av Norsk kulturråd - innspel frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutval for kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Norsk Kulturråd skal stimulere kunst- og kulturlivet i heile landet. Dette krev jamleg dialog og samspel med alle aktørane.
2. Forvaltning av kulturfondsoppgåvene og forvaltninga av andre statlege tilskot som i dag er lagt til Norsk kulturråd bør splittast. Forvaltninga kan gjerne leggest utanom Oslo.
3. For fleire av tilskotsordningane kan det med fordel vurderast andre forvaltningsmåtar; samla ved å legge desse til andre organ nasjonalt, alternativt ved å regionalisere forvaltninga av midlar og knytte dette til regionale planer og politikk på feltet.
4. Norsk kulturråd må ha ei samansetjing som speglar heile det norske kunst- og kulturfeltet. Fagutvala har fagkompetanse, og til sjølve rådet bør det rekrutterast med utgangspunkt i breiare kompetanse. Med utgangspunkt i ønskje om maktspreiing, bør det leggest til rette for brei fagleg og geografisk rekruttering til både rådet og til fagutvala.
5. Språkpolitikken legg til rette for å styrke norsk språk generelt, og må også omfatte tiltak for å fremja nynorsk språk spesielt. Dette prinsippet bør bli ein del av fundamentet for det vidare arbeidet i Norsk kulturråd og difor også naturleg og viktig å ha med seg i vurderinga av framtidig arbeidsform og organisering.
6. Kulturdepartementet må sjå nytt og heilskapleg på ressursinnsatsen på nasjonalt nivå når det gjeld Den kulturelle skulesekken (DKS), og etablere ein ny og enklare organisasjon som kan ta i vare det nasjonale ansvaret for DKS. Dette kan gjerast ved at Rikskonsertane vert omdefinert og får ei ny rolle som også omfattar alle kunstuttrykka i DKS. Dette reduserer tal tilskotsbrev og rapportar, og vil såleis vere ei forenkling for både staten og fylkeskommunane.